

---

**Fra:** Ole Knut Løstegaard <ole.knut.lostegaard@jd.dep.no>  
**Sendt:** 18. mai 2021 16:52  
**Til:** Nygaard Tom Arne  
**Emne:** Framlegg til ny forplikting i OGP - enkelte spørsmål

Hei, Tom Arne.

Viser til brev 12. april om mellom anna nye og justerte forpliktingar i justert handlingsplan for OGP. Eg har nokre innspel til den føreslegne forpliktinga om å «Forbedre elnnsyn som virkemiddel for å gjøøre offentlig forvaltning mer åpen og tilgjengelig for innbyggeren». Eg reknar med at det er greitt å sende dette direkte til deg; du får eventuelt formidle vidare.

Milepæl nr. 1 i forpliktinga er at alle statlege verksemder skal vera med i elnnsyn. Det står derimot ikkje noko om dette under omtala av kva forpliktinga nærare går ut på (punkt 1 til 4), og det er inga anna omtale av dette spørsmålet i dokumentet. Så kva er meint her? Er det reelt sett tale om alle statlege verksemder? Dette vil til dømes omfatte domstolane og andre tvisteløysingsorgan, politidistrikt og diverse anna som ikkje kan reknast som departement, direktorat, tilsyn eller statsforvaltarar (dei som er omfatta i dag). Eg ser det lite realistisk at alle desse skal vera med i elnnsyn, iallfall innan juli 2022. I alle tilfelle er det nokre organ som neppe skal vera med. Det gjeld for det fyrste dei som etter offentlegforskrifta § 6 andre ledd ikkje er omfatta av plikta til å publisere journalen på nettet, og vidare har me statlege lovutval, granskingskommisjonar osv. som har ei avgrensa levetid, og som det neppe er aktuelt at skal inn på elnnsyn, iallfall ikkje så fort.

Gjeld denne delen av forpliktinga heller at alle statlege organ som er omfatta av plikta etter offentlegforskrifta § 6 fyrste ledd til å gjera journalen tilgjengeleg på nettet, skal inn på elnnsyn? Plikta etter § 6 gjeld som kjent ikkje enno, sidan paragrafen ikkje har teke til å gjelde. Om dette siste er rett, bør det seiast noko om kva dette går ut på. Kva for organ som er omfatta av § 6 fyrste ledd, manglar på elnnsyn i dag? Eller er det tale om ei tredje løysing, slik at ikkje absolutt alle statlege organ, men nokon fleire enn i dag, og fleire enn dei som er omfatta av § 6 fyrste ledd, skal vera med? Ein kunne jo til dømes tenkt seg at fleire ombod vart med. I dag er det vel berre Eldreombodet som er der. Det er såleis i alle tilfelle behov for klargjering her.

Det står i nr. 1 i forpliktinga er at ein skal «Utbre elnnsyn til kommuner og fylkeskommuner», og lenger ned er det sett datoar for når høvesvis 10 og 20 % av kommunane og 50 og 100 % av fylkeskommunane skal vera med. Derimot er det ikkje sagt noko om korleis ein skal oppnå dette. Skal ein vurdere regelendringar og krav om å vera med, eller er alt basert på friviljug tilslutnad? Alt er ganske uklart og «svevande» her. Det same gjeld for nr. 2 i forpliktinga om å dokumentere arbeidet i politiske organ i kommunar og fylkeskommunar.

Mykje av det same gjeld for nr. 4 i forpliktinga om at fleire dokument skal publiserast i fulltekst i elnnsyn. Dette har me høyrte om lenge, men lite har skjedd. Så korleis skal ein oppnå dette no?

Når det gjeld nr. 3 i forpliktinga om å sikre «åpenhet om arbeidet i Styringsrådet», er det uklart for meg om dette eigentleg er å forbetre elnnsyn som virkemiddel for å gjera offentlig forvaltning «mer åpen og tilgjengelig for innbyggeren». Kva skal ein eigentleg oppnå her? Kva slags oppgåver har eigentleg dette styringsrådet, og korleis påverkar desse oppgåvene bruken av elnnsyn for den enkelte? Det er òg ganske uklart kva som er meint i milepæl nr. 4 med «Forpliktelse om at dokumentasjon at anbefalingene fra brukerforumet er vurdert eller fulgt opp.» Så her må det klargjerast kva ein skal gjera.

Beste helsing

Ole Knut

---

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Justis- og beredskapsdepartementet.

This email is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient, please notify the Ministry of Justice and Public Security, Norway, immediately.